


Begrensa garnfiske i Fjellandsbøvatnet

21.07.2010



Oppsynsmann Arne Terje Haugland: - Garnfiske i Fjellandsbøvatnet blir begrensa. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Eit fiske med garn i Fjellandsbøvatnet vil bli svært begrensa på grunn av dei strenge reglane som gjeld.**

**Det påpeikar oppsynsmann Arne Terje Haugland i samband med at Ragnar Voll kom med forslag i uskedalen.no om at grunneigarane burde få fiska med garn for å auka storleiken på fisken i vatnet.**

- Det er ikkje grunn- og elveeigarlaget som har stengt Fjellandsbøvatnet for garnfiske. Det er reglane til fylkesmannen som gjeld der, opplyser Haugland.

I reglane står det mellom anna at garn til ei kvar tid skal stå minst 200 meter frå inn- og utes til elvar der det går anadrome laksefisk.

Vidare skal garn ikke setjast ut slik at det fiskar i meir enn fjerdele av vassdraget si minste breidd på fiskeplassen, også medrekna avstand til øy/holme/skjer i vassdraget.

Restriksjonane betyr at det ikkje kan setjast garn nær utløpa frå Heielvo og elva frå Åsaredalen og heller ikkje nær utløpet til Uskedalselva.

Slike reglar gjeld for alle vatn i Hordaland, men for Granvinsvatnet, Eidfjordvatnet og Stordalsvatnet i Etne gjeld spesielle reglar.

Det blir så opp til kvar enskild grunneigar om det er mogeleg eller har nokon hensikt å nytta garn.

-Kva så med all småfisken i Fjellandsbøvatnet?

-At det er mykje småfisk er bra, det betyr at det er god gyting. Og småfisken går ut etter 2-3 år for seinare å koma att. Einskilde fiskar blir og ståande i vatnet utan å gå ut og blir god fisk etter 5-6 år.

I fjor gjekk det sjøaure oppi Fjellandsbøvatnet og det har truleg også gått opp laksar.

Lat meg forresten minna om at ein som for elva må kjøpa kort også for fiske i Fjellandsbøvatnet.

-Men no uteblir fangstmeldingane trass i regnveret. Kva er grunnen til det?

-No er nok elva i største laget og sjansane for å få fisk blir truleg betre etter nokre dagar. Det var mykje fisk i elva også før regnet – i førre veka rekna ein fiskar 65 fiskar på ein dag i nedre del av elva og det var både laks og aure.

Den rømde laksen frå Sunde er elles eit aktuelt tema om dagen. Vi i Uskedalen er her i den heldige situasjon at vi har ope elv i motsetnad til mange andre som er stengde. Truleg vil den rømde oppdrettsfisken ha problem med stryka i starten, men etter ei viss tid går han lettare opp.

Det er viktig at det blir meldt frå om fangstar av denne fisken.

Av Ola Matti Mathisen